

BRUKARUTVALET I HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Protokoll nr. 08/15

Møte 07.12.15.

Tilstades: X

Medlemmer:

- X Karsten Aak, leiar
- X Hanne-Lilian Søvik, nestleiar
- X Kåre Steinsvik
- X Hilde Marie Kleiven
- X Ingrid Løset
- X Ann Helene Skare
- X Torbjørn Vorpenes
- X Inger Nossen Sandvik
- X Jakob Strand
- X Espen Remme, Adm. direktør

Varamedlemmer:

- Atle Tangen
- Daniel Ask
- Frank Johnny Svendsen
- Kjell Inge Skarbø
- Norunn Heggebakk Steinnes

Administrasjonen: Fagdirektør Odd J Veddeng,

Andre: Merete Hagbø og Astrid Brandshaug SNR, Unni Arnestad

Sekretariatet:

Helse Møre og Romsdal HF v/konsulent Randi Spjelkavik Ramnefjell

Fråvær:

Møtet i Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF vart halde på Ålesund sjukehus – styrerommet

Karsten Aak starta med å leia møtet og ønska alle velkomne, og gjekk igjennom sakslista.

Endring i saksliste:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF behandla følgjande saker:

**BU 2015/60 Godkjenning av innkalling og sakliste
underskrift av protokoll nr. 07/14 frå møte 26.10.15.**

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkalling og sakliste til møte 07.12.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner innkallinga og sakliste til møtet 17.12.15.

Protokoll nr. 07/15 som vart godkjent i møte 26.10.15, vart underskriven av brukarrepresentantane.

BU 2015/61 Orienteringssaker

Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringssakane til vitande.

Protokoll:

1. Orientering frå Fagdirektør Odd J Veddeng – status pakkeforløpskoordinator samt orientering om pakkeforløp
 - Brukarutvalet er nøgd med orienteringa.
 - BU vil påpeike følgjande:
 - Det er viktig med gode og sikre prosedyrer for kommunikasjon mellom sjukehusa.
 - Ser fram til at det tidlig i 2016 iverksettes en brukerundersøkelse i forbindelse med pasientforløp.
2. Rydding av møtelokalar etter brukarutvalsmøte i Molde, Sagbakken – Hus 2
 - Administrasjonen må ordne opp i rydding i lokala på Sagbakken – Hus 2. Dersom Brukarutvalet skal ha ansvaret for rydding av lokalar, må dette spesifiseras og det må lages rutinar.
3. Utskrivingsklare pasientar pr oktober 2015 (*vedlegg 01*)
 - Brukarutvalet tek saka til vitande.
4. Fristbrot og ventetider 2015 (*vedlegg 01*)
 - Brukarutvalet tek saka til vitande.

5. Ikkje møtt (*vedlegg 01*)
 - Brukarutvalet er bekymra over utviklinga i forhold til at mange pasientar ikkje møter til avtalt time. Brukarutvalet ber om at rutiner for utsending av SMS og varsling om gebyr gjennomgås.
5. Akutte reinnleggelsar 2015 (*vedlegg 01*)
 - Brukarutvalet vil følge denne utviklinga
6. Uttalelse til forslag til nye nasjonale retningslinjer (*vedlegg 02*)
 - Brukarutvalet tek saka til vitande
7. Protokoll 02.11.15. - Regional brukarutval HMR (*vedlegg 03*)
 - Brukarutvalet tek saka til orientering. Brukarutvalet påpeikar at besøk frå Regional brukarutval (RBU) har vært fråverande i denne perioda. Brukarutvalet vil invitere ein representant frå Møre og Romsdal i RBU.
8. Brukarrepresentant – høyringsrunde (*vedlegg 04*)
 - Brukarutvalet har utnemnd Asbjørn Gausdal
9. Utnemning av brukarrepresentant – arbeidsgruppe for revisjon av prosedyre «Håndtering av alvorlige hendelser med pasient», etablere kunnskapsbasert praksis på området. (*vedlegg 05*)
 - Brukarutvalet utnemner Hanne-Lilian Søvik
10. Informasjonsskriv frå prosjektleiing SNR - November 2015 (*vedlegg 06, presentasjon frå prosjektledere SNR*).
 - Utnemning av brukarrepresentantar for planleggingsgrupper delfunksjonsprogrammer:
 - o Sengeområde: Inger Nossen Sandvik og Ann Helene Skare er utnemnd
 - o Akutt forløp: Kåre Steinsvik og Atle Tangen er utnemnd
 - o Poliklinikk og dagområde: Hanne-Lilian Søvik og Steinar Waksvik er utnemnd
 - o Operasjon, dagkirurgi og intensiv: Ann Helene Skare og Jakob Strand er utnemnd
 - o Bildediagnostikk – Brukarutvalet stiller ingen representantar, men ynskjer å halde seg løpande orientert. Brukarutvalet forutsett at lov om universell utforming blir ivaretatt
 - o Laboratorievirksomhet og medisinforsyning: Asbjørn Gausdal er utnemnd
 - o Psykiatri: Ingrid Løset og Steinar Waksvik er utnemnd
 - o Administrasjon, kontor, personal, undervisning og forskning: Daniel Ask er utnemnd
 - o Teknisk service og forsyningstjeneste og IKT: Brukarutvalet stiller ingen men ynskjer å halde seg løpande orientert.
12. Honorering og korleis skaffe brukarrepresentantar til pasientopplæring.
 - Brukarutvalet tek saka til vitande
13. Referat frå Regional brukarrepresentantkonferanse i Stjørdal 2-3 november
 - Brukarutvalet tek saka til vitande

14. Brukarrepresentant til pasientforløp ROP i Møre og Romsdal
- Ann Helene Skare vart oppnemnd

Vedtak:

Brukarutvalet tek orienteringssakane til vitande.

BU 2015/62 Orientering frå Administrerande direktør

Innstilling:

Munnleg orientering frå Administrerande direktør.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF, tek orienteringa til vitande.

BU 2015/63 Statusrapportering pr 31. oktober – Kvalitet – Økonomi og aktivitet

Innstilling:

Vedlagt følgjer styresak 2015/64 – Statusrapportering pr 31. oktober – Kvalitet
– Økonomi og aktivitet

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.2015.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at det fortsatt ikkje ser ut til at det er kontroll over økonomistyringa. Brukarutvalet forventar at budsjett for 2016 ikkje medfører til konsekvensar for nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal samt andre nødvendige investeringar

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at det fortsatt ikkje ser ut til at det er kontroll over økonomistyringa. Brukarutvalet forventar at budsjett for 2016 ikkje medfører til konsekvensar for nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal samt andre nødvendige investeringar

**BU 2015/64 Evaluering av 5-døgnsposten ved Barne- og ungdomsavdelinga i
Kristiansund**

Vedlagt følgjer styresak 2015/65 – Evaluering av 5-døgnsposten ved Barne- og ungdomsavdelinga i Kristiansund

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.2015.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF avventar til den endelege rapporten føreligg, før brukarutvalet tek stilling vidare i saka.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF avventar til den endelege rapporten føreligg, før brukarutvalet tek stilling vidare i saka.

BU 2015/65 Budsjet 2016

Vedlagt følgjer styresak 2015/66 – Budsjet 2016

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.15.

Protokoll:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at det fortsatt ikkje ser ut til at det er kontroll over økonomistyringa. Brukarutvalet forventar at budsjett for 2016 ikkje medfører til konsekvensar for nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal samt andre nødvendige investeringar

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal er bekymra over at det fortsatt ikkje ser ut til at det er kontroll over økonomistyringa. Brukarutvalet forventar at budsjett for 2016 ikkje medfører til konsekvensar for nytt sjukehus i Nordmøre og Romsdal samt andre nødvendige investeringar

BU 2015/66 Kompetanse og rekrutteringsbehov i Helse Møre og Romsdal HF

Vedlagt følgjer styresak 2015/67 – Kompetanse og rekrutteringsbehov i Helse Møre og Romsdal HF

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande

BU 2015/67 Oppnemning av medlemmar i Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF

Vedlagt følgjer styresak 2015/69 – Oppnemning av medlemmar i Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.15.

Protokoll:

Ved val av brukarrepresentantar frå FFO, vart habilitetsspørsmål stilt for Brukarutvalet. Ein kan ikkje sjå at Ingrid Løset eller Hanne-Lilian Søvik er inhabil.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal meinte at representantane ikkje var inhabil i behandling av saka.

Brukarutvalet har blitt kjent med at Kåre Steinsvik som har vært brukarrepresentant i Helse Møre og Romsdal den siste 2 års perioda, oppnemnd av FFO og Møre og Romsdal Parkinsonsforeninga ikkje er gjenvalgt for neste periode. Dette har skjedd grunna ein beklagelig feil, då den tillitsvalte leiaren i Parkinsonsforeninga har vært i ein flytteprosess og difor ikkje har lest brev frå FFO.

Brukarutvalet har også registrert at det ikkje er foreslått oppnemning av brukarrepresentant frå Møre og Romsdal innanfor rusområdet. Det er oppnemnd ein brukarrepresentant frå dette området som er busett i Trøndelag, og som derfor ikkje innfrir kravet til oppnemning og geografisk arbeidsområde. Torbjørn Vorpenes har sagt seg villig til å bli gjenvalgt dersom dette kan imøtekommes av styret i Helse Møre og Romsdal.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal innstiller til styret i Helse Møre og Romsdal at Kåre Steinsvik oppnemnas som brukarrepresentant i HMR for neste periode innanfor FFO sin kvote. Kåre Steinsvik fråttredde under avstemminga.

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal ser det som ein stor fordel at vi har brukarrepresentasjon frå eget fylke og som har erfaring med brukarmedverknad også frå Møre og Romsdal. Brukarutvalet ber om at Torbjørn Vorpenes blir oppnemnd som brukarrepresentant i Helse Møre og Romsdal for neste periode. Torbjørn Vorpenes fråttredde under avstemming.

BU 2015/68 Organisasjonsevaluering

Vedlagt følgjer styresak 2015/68 – Organisasjonsevaluering.

Styret skal behandle saka i styremøte 09.12.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek saka til vitande.

BU 2015/54 Samdatarapport 2014

Vedlagt følgjer styresak 2015/55 – Samdatarapport 2014

Saka vart utsatt i Brukarutvalsmøte 26.10.15. Saka var oppe i styremøte 28.10.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF tek saka til vitande.

BU 2015/69 Eventuelt

Ingen saker

BU 2015/70 Godkjenning av protokoll nr. 08/15 frå møte 07.12.15.Innstilling:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 08/15 frå møte 07.12.15.

Vedtak:

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal HF godkjenner protokoll nr. 08/15 frå møte 07.12.15.

Møtet slutt kl. 15.18.

Hilde Marie Kleiven

Kåre Steinsvik

Ingrid Løset

Torbjørn Vorpenes

Hanne-Lilian Søvik

Inger Nossen Sandvik

Ann Helene Skare

Jakob Strand

Karsten Aak